



Flage Utleige AS
Bjørkemoen 46
5709 VOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/202 - 18/13788

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
29.05.2018

Etterlyser status installering av fettutskiljar - gbnr 212/141 Eikangervåg

Teknisk drift, VVA, etterlyser status installering av fettutskiljar – gbnr 2127141 Eikangervåg.

Vi ber om tilbakemelding på status installering av anlegg. Dersom anlegg er installert skal det sendast inn ferdigmelding for anlegg. Godkjent ferdigmelding for utskiljaranlegg skal ligge føre før dette vert teke i bruk.

Skjema for ferdigmelding er tilgjengeleg på kommunen sin heimeside:
<https://www.lindas.kommune.no/vatn-og-avloep.353285.nn.html>

Med skjema skal det leggst ved «As built» teikningar som viser kva som er ført på anlegg. Det skal også leggst ved VA-kart som viser tilknytingspunkt til kommunalt leidningsnett. Kommunen har, per dags dato, ikkje motteke kopi av tømmeavtale mellom anleggseigar og godkjent tømmeoperatør. Dersom slik avtale er inngått kan denne leggst ved ferdigmeldinga. Om slik avtale ikkje ligg føre, må eigar av anlegg inngå avtale snarast og levere inn kopi til kommunen.

Det er med heimel i forureiningsforskrifta § 15A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune (02.02.2006) og «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift sett krav til utskiljaranlegg som er tilknytt kommunalt leidningsnett. Fettutskiljaranlegg som er tilknytt offentleg spillvassnett skal sørge for at vegetabilsk og animalsk fett vert skilt ut frå avløpsvatn, slik at dette ikkje vert ført inn på leidningsnettet og til reisneanlegg og påfører dette skade.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Flage Utleige AS

Bjørkemoen 46 5709

VOSS